


planID 1256 2018 0002

arkivID xx/yy

-----  
Ordfører



## Meland kommune

### Reguleringsplan

*Meland kyrkjegard*

*Gnr.16, bnr. 37, del av bnr. 2, og gnr. 17, bnr. 16, 18, 19 og del av bnr. 3 og 14 m. fl.*

### Reguleringsføresegner

(jf plan- og bygningslova § 12-7)

Utval	Utarbeid	Sak	Godkjent	Endringsvedtak	ArkivID

# 1 Arealføremål

---

1. Bygningar og anlegg (pbl § 12-5 nr.1)
  - a. Kyrkje/anna religionsutøving (BR)
  - b. Grav- og urnelund (BGU)
  - c. Nødvendige bygg og anlegg for grav- og urnelund (BNG)
2. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5 nr.2)
  - a. Veg (SV)
  - b. Gangveg/gangareal (SGG)
  - c. Annan veggrunn - grøntareal (SVG)
  - d. Parkeringsplassar (SPA)
3. Grønstruktur (pbl §12-5 nr.3)
  - a. Park (GP)
  - b. Vegetasjonsskjerm (GV)
4. Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift (pbl §12-5 nr. 5)
  - a. LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden (L)
  - b. LNFR formål kombinert med andre angitte hovudformål (LAA)
5. Omsynssoner (pbl §12-6)
  - a. Sikringssone: Frisikt (H140)
  - b. Faresone: Høgspenningsanlegg (H370)
  - c. Omsyn naturmiljø (H560)
  - d. Omsyn kulturmiljø (H570)
6. Føresengområde (§12-7)
  - a. Midlertidig byggje- og anleggsområde

## 2 Siktemålet med planen

---

Siktemålet med planarbeidet er å leggja til rette for vidare utviding av gravplassen ved Meland kyrkje. Planarbeidet skal òg leggje til rette for at Bjørnestadvegen, som i dag går gjennom kyrkjetunet, vert lagt om.

## 3 Fellesføresegner for heile planområdet

---

### 3.1 Funksjons- og kvalitetskrav (§ 12-7 nr. 4)

#### 3.1.1 Universell utforming

Det skal så langt det er mogleg sikrast god tilgjenge til gravplassen. Køyrevegar og gangvegar inne på gravplassen skal utformast slik at dei i størst mogleg grad sikrar tilgjenge for alle. Det skal vere god framkome for bæreprosjon, publikum og teknisk utstyr til alle gravfelt.

#### 3.1.2 Estetisk utforming

Ved detaljplanlegging og gjennomføring av tiltak i planområdet skal det leggest vekt på god estetisk utforming tilpassa området sin karakter. Det skal leggest vekt på god terrengtilpassing og tilstrebe

løysingar som tek vare på mest mogleg av eksisterande landskap og vegetasjon. Det skal sikrast god estetisk kvalitet på gravplassen herunder vegetasjon, veganlegg, bygningsanlegg, gjerder porter mm. Illustrasjonsplan datert 18.03.19 er retningsgivande for utbygging av området.

### 3.1.3 Terrenghandsaming

- a. Alle terrengingrep skal skje mest mogleg skånsamt og tilpassast mot tilstøytande terreng. Overgangen frå ei flate til neste skal ha ei avrunda form og tilpassast landskapet ikring. Støttemurar skal ha ein einskapleg utforming, fortrinnsvis i naturstein.
- b. På gravplassen og utanfor gjerdet til gravplassen (veg- og parkeringsanlegg) skal fyllingar tilstellast og skjeringar skal jordslåast og tilstellast. Utanfor gjerdet skal vegetasjon vere stadeigen. Anlegget skal ha ein parkmessig opparbeiding. Terrengingrep skal generelt minimerast visuelt ved å gje det ein form som verkar naturleg i omgjevnadane.

## 3.2 Verneverdiar for kulturmiljø (§ 12-7 nr. 6)

### 3.2.1 Automatisk freda kulturminne

Dersom det ved tiltak i grunnen vert oppdaga automatisk freda kulturminne, må arbeida stansast og kulturvernmyndigheiter i Hordaland fylkeskommune varslast i samsvar med § 8 i Lov om kulturminner.

## 3.3 Dokumentasjonskrav og særskilt underlag til byggesaksbehandlninga

Illustrasjonsplan datert 18.03.19 er rettleiande for *plan for gravplassen* og for *gravkart*.

Før det vert gjeve igangsettingsløyve for tiltak innafor område regulert til grav- og urnelund (oBGU1- o\_BGU3) skal det føreligge følgjande:

### 3.3.1 Plan for gravplassen jf § 3 i forskrift til gravferdsloven

*Plan for gravplassen* skal innehalde følgjande:

- a. Oversiktsdel i målestokk 1:500 eller eigna målestokk som viser plassering, grenseliner, terrenghandsaming, trafikkforhold og plassering av nye og gamle gravfelt.
- b. Teknisk del som viser gravfelt med eventuelle særskilte føresegner for gravminne, vegar og driftsareal, bygningar, beplantning, inngjerding, planering, drenering og andre leidningar i bakken, detaljar av gjerde, vasspost m.v. og gravkart.
- c. Ein teknisk del som skal vise utforming av alle oppholdsareal, møblering, belysning, avfallsbeholdare, overflate typar, parkeringsplasser, gangareal.

*Plan for gravplassen* skal vedtakast av kyrkjeleg fellestråd og godkjennast av bispedømmerådet før tiltak igangsettast på gravplass.

### 3.3.2 Gravkart, jf § 4 i forskrift til gravferdsloven

Gravplassen skal delast inn i gravfelt og enkeltgraver. Det skal utarbeidast gravkart for kvart gravfelt på gravplassen i målestokk 1:100. Gravkartet skal vise kvar enkelt grav med nummer (ID) og gje opplysningar om kven som er gravlagt i vedkommande grav, eventuelt i form av ein kode. Planen skal også vise målemerka samt innehalde ei liste over dei koordinatbestemte målemerka /fastmerka.

### 3.3.3 Geoteknisk vurdering og tilråding

Det skal føreligge geoteknisk vurdering av områda som skal nyttast til opparbeiding av grav- og urnelund, med særleg vekt på jordbotn med jorddjupne, kornfordeling og grunnvassnivå.

### 3.3.4 Handtering av overvatn

Detaljert plan for VA – anlegg inklusiv overvatn og flaumvegar skal vere i samsvar med godkjent VA-rammeplan. Endringar av terrenghøgde over eksisterande vatn- og avløypsledningar skal godkjennast av VA- avdelinga i Meland kommune.

## 4 Føresegner for arealformål

---

### 4.1 Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr 1)

#### 4.1.1 Kyrkje/ anna religionsutøving (felt o\_BR1 og o\_BR2)

- a. Feltet o\_BR1 er eksisterande Meland kyrkje. Meland kyrkje er listeført kyrkje frå 1800 talet, tredje kvartal. Bygningane skal bevarast, sjå omsynssone H570\_1.
- b. Felt o\_BR2 er eksisterande Kyrkjestova (Gml. Kommunehuset) frå 1909. Innanfor felt o\_BR2 er det tillate med vanleg vedlikehald av eksisterande bygg. Bygningen skal bevarast, sjå omsynssone H570\_2. Det er tillate å oppføre tilsvarande bygg etter ev. brann eller liknande.

#### 4.1.2 Grav- og urnelund (felt o\_BGU1, o\_BGU2 og o\_BGU3)

- a. Felt o\_BGU1 og o\_BGU2 omfattar eksisterande del av gravplassen og felt o\_BGU3 omfattar ny del av gravplassen. I alle felta (o\_BGU1- o\_BGU3) er det tillate med vanleg gravplassaktivitet. Gravplassen skal opplevast heilskapleg og det skal skapast eit godt samspel mellom eksisterande og ny del. Det skal skapast ein samanheng i gravplassenlegget, til døme ved møblering, vegetasjon og materialbruk. Gravplassen skal ha parkmessig opparbeiding i samsvar med gravferdsvedtektene.
- b. Gravplassen skal gjerdast inn og ha porter som kan lukkast.
- c. Oppføring av bygg som har tilknytning til drift av gravplassen kan tillates. Storleik og materialbruk skal tilpassast kyrkja og gravplassområdet elles.

##### 4.1.2.1 o\_BGU1

o\_BGU1 omfattar den eldste delen av gravplassen. Gravplassen med gravplassmur skal takast vare på, sjå omsynssone H570\_1. Eksisterande port frå gravplass til fylkesveg 244 skal stengjast. Ny port mot o\_SV3 kan etablerast

##### 4.1.2.2 o\_BGU2

o\_BGU2 omfattar siste utviding av gravplassen (aust for kyrkja). Innanfor området kan det opparbeidast areal for kistegraver, urnegraver og minnelund og det er tillate å etablere gangvegar, sittegrupper, vasspostar, beplanting, nye gravfelt og anna som oppfyller intensjonane med føremålet grav- og urnelund.

##### 4.1.2.3 o\_BGU3

- a. o\_BGU3 omfattar utvida og ny del av gravplassen som skal opparbeidast i samsvar med *plan for gravplass*. Innanfor området kan det opparbeidast areal for kistegraver, urnegraver og minnelund og det er tillate å etablere gangvegar, sittegrupper, vasspostar, beplantning, nye gravfelt og anna som oppfyller intensjonane med utvidinga.
- b. Det skal etablerast ein køyrbar gangveg frå parkeringsplass o\_SPA4 og sørover jf. illustrasjonsplan datert 18.03.19. Denne skal ikkje vere brattare enn krav i gjeldande teknisk forskrift.

- c. Innanfor felt o\_BGU3 skal det etablerast minimum 2 og maksimum 3 parkeringsplassar for rørslehemma og ein parkeringsplass til bårabil. Det skal etablerast køyrbar tilkomst til parkeringane med tilkomst frå o\_SV2. Plassering er illustrert på illustrasjonsplan som fylgjer reguleringsplanen.
- d. Bygg sør i området skal rivast jf. plankart datert 18.03.19.
- e. Innanfor felt o\_BGU3 kan det etablerast pumpestasjon for dreinsvatn.

#### 4.1.3 Naudsynt bygg og anlegg for grav og urnelund (felt o\_BNG1 og o\_BNG2)

Felt o\_BNG1 og o\_BNG2 omfattar areal til drift. Areal skal utformast slik at dei framstår som ein del av gravplassen. Ved oppføring av bygg skal storleik og materialbruk tilpassast kyrkja og gravplassområdet elles.

##### 4.1.3.1 o\_BNG1

- a. BNG1 omfattar eksisterande samt utvida del av driftavdeling. Det er tillate å oppføre driftsbygg med personalareal/verksted innanfor byggegrense vist på plankart datert 18.03.19. Bygningar skal tilpassast eksisterande bygg knytt til kyrkje og gravplassområdet med omsyn til volum, material og fargebruk. Nye bygningar skal ha saltak. Maks tillat møynehøgde er kote 131 moh.
- b. Det kan plasserast containerar for avfall innanfor feltet.
- c. Det kan lagras sand og grus innanfor feltet.
- d. Området skal ha køyretilkomst frå o\_SV2.

##### 4.1.3.2 o\_BNG2

- a. Omfattar eksisterande driftsområde ved kyrkje/ gravplass. Det er ikkje tillate med utelagring eller plassering av containerar. Området kan nyttast til parkering for tilsette ved kyrkja og av rørslehemma.
- b. Det er tillate å oppføre eit mindre driftsbygg innanfor feltet. Mindre driftsbygg kan plasserast innanfor byggegrense angitt på plankart datert 18.03.19. Bygget skal vere tilpassa form og farge på kyrkjebygget.
- c. Området skal ha tilkomst frå o\_SV1 slik som i dag.

## 4.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

### 4.2.1 Fellesføresegner

- a. Veger og kjøreveger skal opparbeidast i samsvar med bredde og kurvatur som vist på plankartet og etter godkjente tekniske planer (jf. pkt. c).
- b. Avkjørsler er vist på plankartet. Det er ikkje anledning til å opparbeide andre avkjørsler enn dei som er vist i plankart datert 18.03.19.
- c. Det skal utarbeidast detaljerte tekniske planer for alle nye og endra offentlig vegareal i planen. Tekniske planar skal innehalde bl.a. veglys, overvasshandtering og skiltplan. Planane skal godkjennast av vegmynde før det kan gis rammeløyve for tiltak innanfor planområdet.

### 4.2.2 Offentleg veg, o\_SV1

o\_SV1 skal vere tilkomstveg til kyrkja, til parkeringsplassane o\_SPA1 og o\_SPA2 og til veg o\_SV2.

#### 4.2.3 Offentleg veg, o\_SV2

Ny veg o\_SV2 skal vere tilkomst til gangveg o\_SGG3, parkeringsplass o\_SPA4, til driftsområdet i felt o\_BNG1 og til ny gravplass o\_BGU3. Vegen skal også vere prosesjonsveg ved gravferder.

#### 4.2.4 Offentleg veg, o\_SV3

o\_SV3 er omlagt veg til Bjørnestad, med ny avkøyrsløse frå fylkesveg 244. Vegen skal også vere ny driftstilkomst til gravplass o\_BGU1 frå o\_SV3.

#### 4.2.5 Veg, SV4

SV4 er eksisterande veg til Bjørnestad.

#### 4.2.6 Offentleg gangveg /gangareal, o\_SGG1

Gangveg o\_SGG1 gir gangsamband mellom Bjørnestad og Meland kyrkje. o\_SGG1 kan nyttast til køyring for drift av gravplassen.

#### 4.2.7 Offentleg gangveg /gangareal, o\_SGG2

o\_SGG2 er eksisterande gangveg mellom kyrkja og felt o\_BGU2. Der o\_SGG2 møter o\_SV1 kan det etablerast trapper for å ta opp høgdeforskjellen. Utover dette skal gangvegen med tilhøyrande murar oppretthaldast som den er i dag.

#### 4.2.8 Offentleg gangveg /gangareal, o\_SGG3

Gangveg o\_SGG3 skal være køyrbar og er tilkomst til parkeringsplass o\_SPA3, samt gangtilkomst til gravplass felt o\_BGU2 og o\_BGU3.

#### 4.2.9 Offentleg gangveg /gangareal, o\_SGG4

o\_SGG4 er gangtilkomst frå o\_SGG3 til o\_BGU2 og o\_BGU3. Det skal etablerast eit stengsel/ port lengst nord i felt o\_SGG4 for å hindre køyring med privatbilar inn på gravplassen. Gangvegen skal vere køyrbar for drift.

#### 4.2.10 Parkeringsplassar (felt o\_SPA1- o\_SPA4)

- a. Innanfor planområdet skal minimum 5% av plassane vere utforma og reservert for rørslehemma. Desse plassane skal ha kortast mogleg gangavstand til inngang til kyrkja og inngang til gravplassfelt o\_BGU1, o\_BGU2 og BGU3.
- b. Parkeringsplass o\_SPA1, o\_SPA2 og o\_SPA3 er eksisterande parkeringsplassar.
- c. Det skal opparbeidast parkeringsplass o\_SPA4 i tilknytning til øvre del av gravplass (o\_BGU3 o\_BGU2). Illustrasjonsplan datert 18.03.19 er retningsgivande for utforming. Innanfor felt o\_SPA4 skal det opparbeidast 1-2 parkeringsplassar for rørslehemma
- d. Innanfor felt o\_SPA2 kan det plasserast busskur.

#### 4.2.11 Anna veggrunn – grøntareal

- a. Innanfor areal sett av til anna veggrunn - grøntareal kan det plasserast grøfter, skjeringar, fyllingar, støttemurar og liknande. Areal skal ha god terrengtilpassing og parkmessig utforming.
- b. Anna veggrunn mellom o\_SV3 og o\_BGU1 skal opparbeidast som ei buffersone mot gravplassen, med eigna vegetasjon, til dømes hekk.
- c. o\_SV2 er prosesjonsveg og skal ha ei parkmessig opparbeiding.

### 4.3 Grønstruktur (§ 12-5 nr. 3)

#### 4.3.1 Fellesføresegner

Eksisterende terreng og vegetasjon skal i størst mulig grad takast vare på for å ta vare på karaktertrekk i området. Vanleg skjøtsel er tillate. Større tre skal kun fellast av omsyn til tryggleik (fare for tnedfall).

#### 4.3.2 Offentleg park (felt o\_GP1 - felt o\_GP5)

- a. Felt o\_GP1 og o\_GP2 skal opparbeidast som park og vere med på å binde gangveg o\_SGG2 til gravplassporten og hovudtilkomsten til kyrkja.
- b. Felt o\_GP2, o\_GP3, o\_GP4 og o\_GP5 skal opparbeidast som park med ei tiltalande utforming og markerast som inngangsparti til gravplassen (felt o\_BGU2 og o\_BGU3).
- c. Felt o\_GP3 skal plantast til for å skjerme mot innsyn til driftsområde, felt o\_BNG1.

#### 4.3.3 Vegetasjonsskjerm (felt o\_GV1, o\_GV2)

- a. Felt o\_GV1 og o\_GV2 skal etablerast med nytt terreng og revegeterast med stadeigen vegetasjon (toppmasse) og fungere som vegetasjonsskjerm mot Bjørnestadvegen og skjerme mot innsyn til driftsområde, felt o\_BNG1. Illustrasjonsplan datert 18.03.19 er retningsgivande for utforminga.
- b. Innanfor felt o\_GV2 kan det etablerast murer ol. til omlegging av eksisterande bekk.

### 4.4 Landbruks-, natur- og friluftformål og reindriftsformål (§ 12-5 nr. 5)

#### 4.4.1 Fellesføresegner for LNFR

- a. Områda skal nyttast til landbruk og næringsverksemd knytt til gardsdrift basert på ressursgrunnlaget på garden (felt L1, L2 og L3). Det er ikkje tillate med oppføring av andre bygningar eller anlegg enn dei som trengst i samband med gardsdrifta.
- b. Innanfor felt L3 kan det etablerast murer ol. til omlegging av eksisterande bekk.

#### 4.4.2 LNFR formål kombinert med grav- og urnelund (felt o\_LAA1, o\_LAA2)

- a. Innanfor området kan det setjast opp gjerde og eventuelt portar for å ramme inn gravplassen i felt o\_BGU3. Areal innanfor gjerde skal høyre til gravplassen med tilhøyrande føresegner. Areal utanfor gjerde skal høyre til det resterande landbruksarealet med tilhøyrande føresegner.
- b. Sonene skal på best mogleg måte imøtekoma løysing knytt til plassering av gjerde ved detaljprosjektering.
- c. Innanfor sona kan det gjerast inngrep som er naudsynt for god terrengtilpassing og utforming av gravplassen.

## 5 Føresegner til omsynssover (§ 12-6, 12-7 og 11-8)

---

### 5.1 Sikrings-, støy- og faresover (§ 11-8 a) (sone H140, H370)

#### 5.1.1 Sikringssone- frisikt H140

I frisiktsonene skal det til ei kvar tid vere fri sikt 0,5 meter over tilstøytane vegars plan. Det er tillate med enkeltelement som ikkje hindrar sikt, til dømes stolpar og tre.

#### 5.1.2 Faresone- Høgspenningsanlegg – H370

- a. Leidningar innanfor planområde må takast omsyn til.
- b. Alt som skal etablerast innafor byggjeforbodssona skal godkjennast av kommunen og leidningseigar. Det vere seg vegar, forandring av terrengformasjonar m.m. Leidningseigar skal kontaktast dersom anleggsmaskinar skal stillast opp eller nyttast nærmare leidningar enn 30 m.

### 5.2 Særlege omsyn til bevaring av naturmiljø og kulturmiljø (§ 11-8 c) (sone H560 og H570)

#### 5.2.1 Bevaring naturmiljø H560

Det skal takast omsyn til vegetasjon langs bekk/grøft.

#### 5.2.2 Bevaring kulturmiljø H570\_1

- a. I omsynssona ligg den listeførte kyrkja Meland kyrkje, Id 84933, og tilhøyrande gravplass. Ved vedlikehald og utbetringar skal fasadeuttrykk og konstruksjon takast vare på. Fasadeelement som vindauge, dører, kledning, takteking og overflatehandsaming skal så langt som mogleg takast vare på i sin opphavlege tilstand. Ved naudsynt utskifting skal ein bruka same type material som originalt eller tilsvarande. Alle tiltak skal leggest fram for kulturminneforvaltninga, jf. rundskriv T-3/2000 (kyrkjerundskrivet).
- b. Gravplassen sin form, funksjon og inndeling i felt skal bevarast. Gravplassmuren skal takast vare på, og ved naudsynt utskifting og reperasjon skal ein nytta same material som originalt eller tilsvarande.

#### 5.2.3 Bevaring kulturmiljø H570\_2

- a. I omsynssona ligg gøta<sup>1</sup> aust for kyrkja og Kyrkjestova (Gml. Kommunehuset) frå 1909. Ved vedlikehald og utbetringar av Kyrkjestova skal fasadeuttrykk og konstruksjon takast vare på. Fasadeelement som vindauge, dører, kledning, takteking og overflatehandsaming skal så langt som mogleg takast vare på i sin opphavlege tilstand. Ved naudsynt utskifting skal ein bruka same type material som originalt eller tilsvarande.
- c. Gøta skal takast vare på, og ved naudsynt utskifting og reperasjon skal ein nytta same material som originalt eller tilsvarande.

---

<sup>1</sup> Gøta er ei gate/ veg med mur på begge sider



## 6 Føresegner til føresegnsområde

---

### 6.1 Føresegner til anlegg- og riggområde (område #1, #2)

I samband med gjennomføring av planen kan føresegnsområde #1 og #2 nyttast som anlegg- og riggområde. Det kan i områda gjerast masseflytting, transport og andre anleggstiltak. Areala skal setjast i stand når anleggsarbeida er fullførde.

## 7 Rekkjefølgjeføresegner

---

### 7.1 Bruksløyve (felt o\_BGU3)

Før det vert gjeve bruksløyve for gravplassutvidinga med tilhøyrande trafikkanlegg skal o\_SGG1, o\_SV2, o\_SV3, o\_SPA4 og SGG3 vera etablert.

## 8 Juridisk bindande eller retningsgjevande dokument

---

### *Bindande*

1. *Plankart, datert 18.03.2019*

### *Retningsgjevande*

1. *Illustrasjonsplan datert 18.03.2019*